
Saksnr: 2020/78513-2
Saksbehandlar: Kjersti Sognnes
Dato: 08.07.2021

Til: Hovudutval for næring

Frå: Avdelingsdirektør

Landbruk, statusrapport første halvår 2021

Bakgrunn for saka

Handlingsplan for landbruk vart vedteken av hovudutvalet 12. januar 2021. Fylkeskommunedirektøren fekk fullmakt på fleire område, og resultata skulle leggest fram for hovudutvalet. Denne saka syner status i arbeidet med landbruk pr august 2021.

Handlingsplan for landbruk konkretiserer strategiske føringar og prioriteringar for arbeidet til Vestland fylkeskommune i 2021. Dokumentet blei utarbeida i samarbeid med partnerskapen; Statsforvaltaren, Innovasjon Norge og faglaga. Målet med arbeidet er å styrke verdiskapinga i landbruket i fylket. I planen er 12 område peika på som viktige for å lukkast med dette.

Fylkeskommunen fekk i 2020 ansvar for å leie og koordinere arbeidet i partnerskapen. Grunnlaget for eit godt samarbeid vart lagt gjennom 2020. I år har vi ført vidare ein vellukka struktur med jamn kontakt og faste møtepunkt. Samarbeidet har fungert svært godt sjølv om alle møte har vore digitale. Dei mest omfattande sakene som har vore drøfta i landbrukspartnerskapen så langt i år, er innspel til jordbruksforhandlingane, prioriteringar knytt til investering og bedriftsutviklingsmidlane og vurdering av søknader om regionale tilretteleggingsmidlar og rekrutterings- og kompetansmidlar.

Investerings- og bedriftsutviklingsmidlar i landbruket

Sak om føringar for Investering og bedriftsutvikling midlar (IBU) vart lagt fram for hovudutvalet i november 2020 (PS 70/2020). Grunna stor investeringsvilje i landbruket i Vestland 2021, var IBU-midlane for Vestland brukt før sommaren.

Regionale tilretteleggingsmidlar i landbruket

Fylkeskommunedirektøren fekk fullmakt til å tildele 6 740 000 kr. Utlysingsteksten for regionale tilretteleggingsmidlar i landbruket var utforma i tråd med handlingsplanen. 15. april var søknadsfrist for midlar til regionale tilretteleggingstiltak i landbruket i Vestland. Det er handsama 33 søknader til ein samla søknadssum på over 16 millionar. Våren 2021 vart det gjeve tilskot til prosjekt på til saman 4 549 500 kr. Med tilskot som er trekt inn frå prosjekt som ikkje er gjennomført, er det 3 592 500 kr igjen til neste søknadsfrist 1. oktober. Oversikt over tildelingar for regionale tilretteleggingsmidlar våren 2021, prosjektvurderingar og prosjektomtale er lagt ved i saka.

Rekruttering og kompetanse i landbruket

Fylkeskommunedirektøren fekk fullmakt til å tildele 1 960 000 kr. Utlysingsteksten for rekrutterings og kompetanse i landbruket var utforma i tråd med handlingsplanen. 15. april var søknadsfrist for midlar til rekruttering og kompetanse i landbruket i Vestland. Ramma var 1 960 000kr. Det er handsama 9 søknader til ein samla søknadssum på nær 2,3 millionar. Våren 2021 vart det gitt tilskot til prosjekt for til saman 1 275 000kr. Til neste søknadsfrist 1. oktober, er det att 685 000 kr. Tildelingar for rekruttering og kompetanseheving våren 2021, prosjektvurderingar og prosjektomtale er lagt ved i saka.

Kompetansenettverk i Vest Norge

Fylkeskommunedirektøren fekk fullmakt til å tildele 2 400 000 kr til Kompetansenettverk i Vest Norge. Kompetansenettverket i Vest-Norge dekker Vestland fylke. Målgruppa for ordninga er små matbedrifter med inntil 10 tilsette. Det kan også vere primærprodusentar eller næringsmiddelbedrifter med mål om å utvikle, foredle og selje kvalitetsprodukt basert på lokale råvarer. I tillegg kan reiselivsprodukt som har utviklingsprosjekt i samarbeid med lokalmatprodusentar, også omfattast av ordninga. Sogn Jord- og Hagebruksskule driftar Kompetansenettverket i Vest-Norge. Vestland fylkeskommune leiar styringsgruppa. Styringsgruppa har laga ein handlingsplan for 2021. Oppdragsbrev frå Vestland fylkeskommune til Kompetansenettverk i Vest Norge og handlingsplan for 2021 er lagt ved i saka.

Kystskogbruket, arbeid med skog og bruk av tre

Fylkeskommunedirektøren fekk fullmakt til å tildele 1 380 000 kr sett av til prosjektmidlar innan Kystskogbruket. Midlane er tildelt til Skognæringa Kyst som var einaste søkjaren. Det er også denne organisasjonen som har vore mottakar av midlane tidlegare år. Tildelinga blei gjort i eit samarbeid mellom fylka som er medlemmar i Kystskogbruket. Skognæringa Kyst nyttar midlane til prosjektleiing, nettverk, omdømarbeid, prosjekt innan skogproduksjon, klimatiltak og arbeid for betre infrastruktur. Skognæringa Kyst jobbar også for auka bruk av tre, men dette arbeidet er finansiert frå tidlegare år.

Vi har fått eit tettare samarbeid med dei andre fylka i Kystskogbruket, vi vil styrkje dette samarbeidet og samarbeidet med Skognæringsforum i Vestland, statsforvaltaren og Innovasjon Norge i tida som kjem.

Oppsummering av arbeidet så langt

Arbeidet vårt har også i år vore påverka av covid-19 pandemien. Digitale møte har erstatta fysiske, men vi har likevel fått gjort det meste av det som var planlagt.

Vi ønskjer å arbeide tettare opp mot kommunane. Våren 2021 skulle vi saman med Statsforvaltaren og Innovasjon Norge, gjennomføre seks fysiske møte som omfatta alle kommunen i fylket. Desse vart avlyst. I staden har vi i fylkeskommunen starta med å ha korte, digitale møte med ein og ein kommune for å bli betre kjende, få innsikt i stoda for landbruket i kommunen og kor dei ser potensiale for utvikle landbruket som næring. Vår ambisjon er å møte alle kommunane digitalt i løpet av hausten. Me har også gjennomført møte med kommunane for å gje dei innsikt i relevante støtteordningar i fylkeskommunen, som kan bidra til næringsutvikling i landbruket. Målet med møta var både å få fleire søknader frå kommunane og å gjere dei betre rusta til å informere vidare og oppmoda andre om å søke.

Saman med Innovasjon Norge og statsforvaltaren har me utarbeidd felles tiltaksplan for å følgje opp intensjonane i «Handlingsplan for landbruk» gjennom å prioritere aktivitetar og fordele ansvar.

15. og 16. september går Landbrukskonferansen av stabelen på Voss. Konferansen har fått tittelen «Verdiar for framtida, berekraft og nyskaping i vestlandsjordbruket». Konferansen er planlagt og blir arrangert av fylkeskommunen, Innovasjon Norge og statsforvaltaren i samarbeid.

Områda lista i Handlingsplan for landbruk vi skal løfte i 2021 for å styrkje Vestlandslandbruket	Dette er gjort per august 2021:
Auke produksjonen på lokale ressursar	<ul style="list-style-type: none"> • Støtta relevante prosjekt • Føringer på IBU midlar
Meir og betre grovfôrproduksjon og bruk av lokale beiteressursar	<ul style="list-style-type: none"> • Støtta relevante prosjekt • Føringer på IBU midlar
Støtte opp om mjølk som berande produksjon	<ul style="list-style-type: none"> • Støtta relevante prosjekt • Medlem i styringsgruppa til Storfeprosjektet • Føringer på IBU midlar
Vestland halde posisjonen som størst i landet innan frukt og bær	<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeidsavtale med Njøs frukt og bærseier

	<ul style="list-style-type: none"> • Støtta relevante prosjekt • Delteke i arbeidet til Programstyret for frukt og bær
Legge til rette for innovasjon og konkurransekraft i heile verdikjeda for lokalt trevirke	<ul style="list-style-type: none"> • Prioritert i utlysing av RT-midlar • Støtta relevante prosjekt • Støtta pågåande tredrivarprosjekt i Vestland og innleia eit tettare samarbeid med fylkesmannen og Innovasjon Norge. • Føringar på IBU midlar • Delteke som observatør i Skognæringsforum Vestland • Innleia eit tettare samarbeid med dei andre fylka i Kystskogbruket
Samordne innsatsen i fylket for å løyse utfordringar og utvikle nye lønsame produksjonar	<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeid i partnerskapen • Føringar på IBU midlar
Vere ein aktiv medspelar i utforminga av den nasjonale politikken på landbruksområdet	<ul style="list-style-type: none"> • Fylkeskommunen gjev årleg innspel til jordbruksforhandlingane • Oppdragsbrev til Innovasjon Norge med føringar for IBU-midlane.
Auke mangfaldet og verdiskapinga knytt til lokal mat og drikke og også nytte dette i reiselivssamanheng	<ul style="list-style-type: none"> • Starta forprosjekt «Ei rikare reise» for auka verdiskaping i krysspunktet mat, kultur og reiseliv • Leiar styringsgruppa for Kompetansenettverket i Vest-Norge • Partnerskapsavtale med Matarena AS • Samarbeid med Bergen kommune om deira medlemskap som gastronomiby i UNESCO sitt nettverk for kreative byar • Representerar for fylkeskommunane i Styringsgruppa for utviklingsprogrammet - landbruks- og reinbasert vekst og verdiskaping
Legge til rette for auka bruk av FoU og ny teknologi	<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeid i partnerskapen • Bidrege til å sende relevante prosjektsøkarar til Regionalt forskingsfond • Delteke i handsaming av søknader til Regionelt forskingsfond
Legge til rette for at næringa i fylket kan drive på ein meir miljø og klimavenleg måte, og å tilpasse seg framtidige klimautfordringar	<ul style="list-style-type: none"> • Støtta relevante prosjekt • Samarbeid i partnerskapen • Vestland fylkeskommune, med landbruk som område, er ein del av SFI Climate Futures
Sikre og utvikle jordressursane og produksjonsgrunnlaget for vidare matproduksjon gjennom god og effektiv arealbruk og eit sterkt jordvern	<ul style="list-style-type: none"> • Støtta relevante prosjekt
Betre rekrutteringa og omdømet til landbruket	<ul style="list-style-type: none"> • Støtta relevante prosjekt • Driv prosjektet 'Grøn utdanning Vestland' for å auke rekrutteringa til naturbruk • Søkt og fått finansiering til vaksenagronom på Stend og Mo og Øyrane vidaregåande skular, og til vaksengartnar på Voss vidaregåande skule

Vedlegg

- 1 Vedtak RT våren 2021
- 2 Prosjektmtale og vurdering RT Våren 2021
- 3 Vedtak RK Våren 2021
- 4 Prosjektmtale og vurdering RK Våren 2021
- 5 Handlingsplan for Kompetansenettverk Vest 2021
- 6 Oppdragsbrev til Kompetansenettverket for lokalmat i Vest-Norge frå Vestland fylkeskommune